

# Vekeplan 3. trinn


Lye Skule

Veke: 19



<b>MÅL</b>	
<b>Tema</b>	Eg kan forklara korleis ein muskel fungerer.
<b>Matematikk</b>	Eg jobbar bra med Mattemaraton, og samarbeider for å løysa oppgåver.
<b>Engelsk</b>	Eg kan skriva matord i eintal og fleirtal.
<b>Sosialt</b>	Eg møter presis til alle timar.

## Timeoversikt


	Måndag 6.5	Tysdag 7.5	Onsdag 8.5	Torsdag 9.5	Fredag 10.5
1. økt 8.30- 10.00	Reknekvart og morgonsamling	Morgonsamling	Reknekvart og morgonsamling	FRI  KRISTI HIMMEL- FARTSDAG  	FRI
	TEMA	STASJONAR	MATEMATIKK		
2. økt 10.15- 11.15	KRLE	MATEMATIKK	TEMA		
Matøkt					
3. økt 12.00- 13.00	MATEMATIKK	MUSIKK			
4. økt 13.10- 14.10	OLWEUS				

## Meldingar til heimen

Me gler oss over fine maidagar. På 17. mai er 3. trinn spurt om dei kan syngja i hallen når det er 17. maitale. Derfor øver me ekstra godt på 17. maisongar i år. Det er mange som har lyst å vera med å syngja, men det er sjølvstøtt frivillig. Me veit at det er mange som skal feira 17. mai på Lye og håper me kan stilla med eit kor.

Nå er elevane godt i gang med Mattemaraton og me er imponert over innsatsen i år og. Heia 3. trinn 😊.

Sidan me har kropp og måling som tema har me laga aktivitetsbingo som elevane arbeider med på skulen og i lekse. Målet er god helse samtidig som ein øver litt på måling, og best av alt: Aktivitetane kan registrerast i Mattemaraton.



## Lekseplan:

Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
<b>Lesing:</b>	<b>Lesing:</b>	<b>Engelsk:</b>	<b>Lesing:</b>
Les/syng: Vi ere en nasjon vi med FØRSTE vers. Tekst og sang i Showbie-lekser-17mai. Øv minst 2 gonger.	AskiRaski 15 minutt på tildelt sti.	LEKSEFRI	LEKSEFRI
<b>Aktivitetsbingo:</b>	<b>Aktivitetsbingo:</b>		
Gjer ein aktivitet slik at du får minst 1 kryss.	Gjer ein aktivitet slik at du får minst 1 kryss.		
<b>Hugs:</b>	<b>Hugs:</b>	<b>Hugs:</b>	<b>Hugs:</b>
Øv på gangetabellen.  Hugs å lada lærebrettet!	Øv på gangetabellen.  Hugs å lada lærebrettet!		

## Aktivitetstabell Mattemaraton:

Mange er flinke til å registrera aktivitet i Mattemaraton, men det er nok nokon som gløymer det litt ut. Denne tabellen kan kanskje hjelpa litt.

Aktivitet	Q
Sykling, gåing, løping, rulleskøyter o.l	Ein fører km for aktiviteten
Skulevegen. Dersom du går til og frå skulen må du hugsa å logga det i distanse kvar skuledag.	Ein fører km for aktiviteten
Trampolinehopping, tauhopping, fotballturnering/kamp, turn, klatring, symjing o.l.(Hugs at du må vera i aktivitet.)	1 time aktivitet = 3 km 0,5 time aktivitet = 1,5 km 20 min = 1 km



NB!

Dersom elevar registrerer aktivitet på smartklokke etter skuletid, kan ein logga aktiviteten som km, men ikkje registrera annan aktivitet om ein har brukt klokka.

NB!

Når du registrerer aktivitet må du skriva kva du har gjort. T.d.: skulevegen, vasskrig, sykla tur

# MATTE-24 MARATON